

MASFJORDEN SOKN

REKNESKAP 2025

Innhald

REKNESKAP FOR MASFJORDEN SOKN 2025	3
Økonomisk oversyn – drift 2025	4
Økonomisk oversyn – investering 2025	5
Balanserekneskap 2025	6
NOTER TIL REKNESKAPEN 2025	7
Note nr. 1 : Endring i arbeidskapital.....	8
Note nr. 2 : Pensjon.....	9
Note nr. 3 : Kommunens tilskot	9
Note nr. 4 : Varige driftsmidler	10
Note nr. 5 : Avsetjingar og bruk av avsetjingar	10
Note nr. 6 : Kapitalkontoen.....	11
Note nr. 7 : Gravlegat.....	11
Note nr. 8 : Ytingar til dagleg leiar og medlemar i sokneråd	12
Note nr. 9 : Strykningar og udekka investeringar.....	12
ANALYSE AV REKNESKAPEN 2025.....	13

REKNESKAP FOR MASFJORDEN SOKN 2025

Driftsrekneskapen 2025

Driftsrekneskapen for 2025 syner eit netto driftsoverskot på kr 777.007, og utgjør 14,9 % av driftsinntektene gjennom året. Etter periodiseringar knytt til festeavgift viser rekneskapen eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 702.707.

Driftsinntektene i 2025 er på kr 5.222.579, og viser ein auke på kr 112.962 (2,2 %) frå 2024. I høve budsjett viser driftsinntektene ein meirinntekt på kr 117.279, som i stor grad er knytt til meirinntekt frå festeavgifter og offerinnsamlingar.

Driftsutgiftene i 2025 er på kr 4.144.433, og viser ein auke på kr 57.406 (1,4 %) frå 2024. I høve budsjett viser driftsutgiftene ein mindreutgift på kr 592.667. Løn med sosiale utgifter står for om lag 2/3 av mindreforbruket.

Brutto driftsresultat i 2025 er følgeleg eit overskot på kr 1.078.146. Når vi legg til renter og avdrag, og reverserer den rekneskapsmessige effekten av avskrivningane, syner rekneskapen eit netto driftsoverskot på kr 777.007 (14,9 %).

Periodisering av festeavgift, som er ein del av disposisjonsfondet, reduserer det rekneskapsmessige overskotet med netto kr 74.300. Mindreforbruk frå 2024 på kr 664.995 er i tråd med vedtak avsett til disposisjonsfond. Det er ingen andre disponeringar i rekneskapen gjennom året, og 2025 rekneskapen er avslutta med eit mindreforbruk på kr 702.707.

Investeringsrekneskapen 2025

Investeringsbudsjettet syner tiltak knytt til brannsikring av kyrkjene. Prosjektet er under planlegging.

Masfjorden sokn har ubrukte lånemidlar på kr 467.406 etter siste låneopptak i 2019.

Balanserekneskapen 2025

Balanserekneskapen ved 31.12.2025 viser auke for sum eigedelar i høve året før. Det har ikkje vore tilgang av nye anleggsmidlar gjennom året, og disse er redusert med ordinære avskrivningar. Eigenkapitaltilskot i KLP er balanseført, og kortsiktige fordringar er noko høgare frå fjoråret. Bankinnskottet syner ein auke på kr 789.915 gjennom året og hengar saman med mindreforbruket i driftsrekneskapen.

Eigenkapitalen er gjennom året styrka som følge av rekneskapsmessig mindreforbruk. Langsiktig gjeld er redusert med årets avdrag, og kortsiktig gjeld viser ein liten auke frå fjoråret.

Eigenkapitalen består av en fondsdelt og kapitalkonto. Kapitalkontoen beskriv kor mykje soknet har brukt av eigenkapitalen sin til å finansiere anleggsmiddel, og visast som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidlar.

Festeavgift er ein forskotsleige av gravplass for i hovudsak 5 år om gangen. Inntekta blir periodisert over leigeperioden.

Disposisjonsfondet ved utgangen av 2025 viser kr 619.980 i innbetalt festeavgift til periodisering i driftsrekneskapen etter 2025.

Gravlegat er midlar som soknet forvaltar på vegne av andre for å holde gravene i orden i festetida. Desse midla er klassifisert som kortsiktig gjeld, og har ved utgangen av 2025 ein saldo på kr 206.759.

Økonomisk oversyn – drift 2025

Økonomisk oversyn driftsrekneskap viser alle inntekter og utgifter, gruppert ut frå art/type.

Noter	ØKONOMISK OVERSIKT DRIFTSREGNSKAP (tall i hele kroner)	Regnskap 2025	Justert budsjett 2025	Vedtatt budsjett 2025	Regnskap ift just.budsjett 2025	Regnskap 2024	Prosentvis utvikling 2024-2025
7	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-511 742	-446 000	-394 000	65 742	-468 782	9,2 %
	Salg av driftsmidler	0	0	0	0	0	
3	Refusjoner/overføringer	-664 506	-655 400	-628 400	9 106	-974 203	-31,8 %
	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-175 000	-175 000	-175 000	0	-175 000	0,0 %
	Statlige tilskudd	0	0	0	0	0	
	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	-223 281	-223 000	-203 000	281	-215 231	3,7 %
3	Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-3 512 600	-3 510 900	-3 482 400	1 700	-3 140 000	11,9 %
	Tilskudd fra fra soknets organer	0	0	0	0	0	
	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-135 451	-95 000	-77 000	40 451	-136 401	-0,7 %
	Sum driftsinntekter	-5 222 579	-5 105 300	-4 959 800	117 279	-5 109 618	2,2 %
2, 8	Lønn og sosiale utgifter	2 035 096	2 422 100	2 661 500	387 004	1 999 451	1,8 %
	Kjøp av varer og tjenester	1 357 737	1 585 000	1 480 000	227 263	1 356 278	0,1 %
	Refusjoner/overføringer	303 669	315 000	270 000	11 331	340 210	-10,7 %
	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	175 000	175 000	175 000	0	175 000	0,0 %
	Tilskudd og gaver	272 931	240 000	200 000	-32 931	216 089	26,3 %
	Sum driftsutgifter	4 144 433	4 737 100	4 786 500	592 667	4 087 028	1,4 %
	Brutto driftsresultat	-1 078 146	-368 200	-173 300	709 946	-1 022 590	5,4 %
	Renteinntekter og utbytte	-106 577	-40 000	-20 000	66 577	-73 013	46,0 %
	Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0	0	
	Renteutgifter og låneomkostn.	149 828	159 400	159 400	9 572	173 133	-13,5 %
	Avdrag på lån	245 696	246 000	246 000	304	245 696	0,0 %
2	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	12 192	12 000	12 000	-192	11 559	5,5 %
	Netto finansinntekter/-utgifter	301 139	377 400	397 400	76 261	357 375	-15,7 %
4	Avskrivninger	386 238	386 500	356 500	262	386 238	0,0 %
4	Motpost avskrivninger	-386 238	-386 500	-356 500	-262	-386 238	0,0 %
	Netto driftsresultat	-777 007	9 200	224 100	786 207	-665 215	16,8 %
	Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-664 995	-664 995	0	0	0	
5	Bruk av ubundne fond	-199 960	-237 200	-405 700	-37 240	-199 920	0,0 %
5	Bruk av bundne fond	0	0	0	0	0	
	Sum bruk av avsetninger	-864 955	-902 195	-405 700	-37 240	-199 920	332,7 %
	Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0	0	0	0	0	
5	Avsatt til ubundne fond	939 255	892 995	181 600	-46 260	200 140	369,3 %
5	Avsatt til bundne fond	0	0	0	0	0	
	Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0	
	Sum avsetninger	939 255	892 995	181 600	-46 260	200 140	369,3 %
	Merforbruk (+) /mindreforbruk (-)	-702 707	0	0	702 707	-664 995	

Driftsunderskot framgår som positivt tal og driftsoverskot som negativt tal.

Økonomisk oversyn – investering 2025

Økonomisk oversyn investeringsrekneskap viser investeringsinntekter og –utgifter og finansieringstransaksjonar. Oversikta er vidare todelt der første del viser finansieringsbehovet og andre del viser finansieringa av framkomne finansieringsbehov. Finansieringsbehovet er summen av inntekter og utgifter knytt til investeringar, samt eksterne finansieringstransaksjonar til utbetaling og interne til avsetjingar.

ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERINGSREGNSKAP (tall i hele kroner)	Regnskap 2025	Justert budsjett 2025	Vedtatt budsjett 2025	Regnskap ift just.budsjett 2025	Regnskap 2024
Investeringer i anleggsmidler	0	600 000	600 000	600 000	1 087 045
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale, tilskudd mv.	0	0	0	0	0
Renteutgifter, låneomkostninger	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0
Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	0	0	0	0	0
Avsetninger	0	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	0	600 000	600 000	600 000	1 087 045
Finansieres slik :					
Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend. mv.	0	0	0	0	0
Refusjoner	0	-240 000	-240 000	-240 000	0
Kalk. inntekt ved komm. tj. ytingsavtale	0	0	0	0	0
Tilskudd til investeringer	0	0	0	0	-1 087 045
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0	0
Bruk av lånemidler	0	-360 000	-360 000	-360 000	0
Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)	0	0	0	0	0
Sum eksternt finansiering	0	-600 000	-600 000	-600 000	-1 087 045
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	0	0	0	0	0
Sum finansiering	0	-600 000	-600 000	-600 000	-1 087 045
Udekket / udisponert	0	0	0	0	0

Balanserekneskap 2025

Noter	BALANSE (tall i hele kroner)	Regnskap 31.12.2025	Regnskap 31.12.2024	Endring siste år	Prosentvis endring
EIENDELER					
	A. Anleggsmidler	9 362 877	9 736 924	-374 046	-4,0 %
4	Faste eiendommer og anlegg	9 199 230	9 585 469	-386 238	-4,2 %
2	Aksjer og andeler	163 647	151 455	12 192	7,5 %
1	B. Omløpsmidler	4 024 673	3 206 583	818 090	20,3 %
	Kortsiktige fordringer	34 194	6 019	28 175	82,4 %
	Kasse, bankinnskudd	3 990 479	3 200 564	789 915	19,8 %
	Sum eiendeler (A + B)	13 387 550	12 943 507	444 043	3,3 %
EGENKAPITAL OG GJELD					
	C. Egenkapital	-10 099 994	-9 451 337	-648 657	6,42 %
5	Disposisjonsfond	-2 074 814	-1 335 519	-739 295	35,6 %
5	Bundne driftsfond	-176 690	-176 690	-	0,0 %
5	Ubundne investeringsfond	-3 913	-3 913	-	0,0 %
5	Regnskapsmessig mindreforbruk	-702 707	-664 995	-37 713	5,4 %
6	Kapitalkonto	-7 141 869	-7 270 219	128 350	-1,8 %
	D. Gjeld	-3 287 556	-3 492 170	204 614	-6,2 %
	Langsiktig gjeld	-2 688 414	-2 934 110	245 696	-9,1 %
	Andre lån	-2 688 414	-2 934 110	245 696	-9,1 %
1	Kortsiktig gjeld	-599 142	-558 060	-41 082	6,9 %
7	Annen kortsiktig gjeld	-599 142	-558 060	-41 082	6,9 %
	Memoriakonti				
	Ubrukte lånemidler	467 406	467 406	-	0,0 %
	Andre memoriakonti	-	-	-	
	Motkonto for memoriakontiene	-467 406	-467 406	-	0,0 %
	Sum egenkapital og gjeld (C+ D)	-13 387 550	-12 943 507	-444 043	3,3 %

NOTER TIL REKNESKAPEN 2025

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Soknets rekneskap er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning fastsett av barne- og familiedepartementet 8. desember 2020 og god kommunal rekneskapsskikk.

Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter anordningsprinsippet, som betyr at alle kjende inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen.

I balanserekneskapen er omlaupsmidlar vurdert etter lågaste verdis prinsipp. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskriven med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet.

Masfjorden sokn har ingen garantiansvar, leasingavtalar eller andre forpliktingar av vesentleg beløpsstorleik.

Rekneskapsmessege meirforbruk/ mindreforbruk

Etter forskrift om økonomiforvaltning for sokn i Den norske kyrke §17, skal soknet ved godkjenning av årsrekneskapen vedta disponering av overskot eller inndekning av underskot. Underskot skal dekkast inn av budsjettet i det året rekneskapen blir lagt frem, eller påfølgjande år. I særlege tilfelle kan underskot dekkast inn over inntil ytterligare to år.

Note nr. 1 : Endring i arbeidskapital

Arbeidskapitalen viser kor likvid fellesrådet er. Vidare uttrykker endringa i arbeidskapital utviklinga i fellesrådets betalingsevne. Utgangspunktet er balanserekneskapen og endringa av arbeidskapitalen som består av omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld i rekneskapsperioden, korrigert for ubrukte lånemidlar i tilsvarende periode. Tilsvarende finner man endringa av arbeidskapitalen ved å sjå på anskaffingar og bruk av middel i drift- og investeringsrekneskapen.

Konto	Balanserekneskap	31.12.2024	31.12.2025	Endring
5.1.	Omlaupsmidlar	3 206 583	4 024 673	
5.3.	Kortsiktig gjeld	558 060	599 142	
	Arbeidskapital	2 648 524	3 425 531	777 007

Drifts- og investeringsrekneskap		Beløp	Sum
<i>Anskaffing av midlar</i>			
	Inntekter driftsrekneskapen	5 222 579	
	Inntekter investeringsrekneskapen	-	
	Innbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	106 577	
	Sum anskaffing av midlar	5 329 156	5 329 156
<i>Bruk av midlar</i>			
	Utgifter driftsrekneskapen	4 144 433	
	Utgifter investeringsrekneskapen	-	
	Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar	407 716	
	Sum bruk av midlar	4 552 149	4 552 149
	Anskaffing - bruk av midlar		777 007

	<i>Endring ubrukte lånemidlar</i>		
5.9.	IB konto	467 406	
5.9.	UB konto	467 406	
	Endring ubrukte lånemidlar	-	-
	Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskapen		777 007
	Differanse endring arbeidskapital balanse og drifts-/investeringsrekneskapen		0

Note nr. 2 : Pensjon

Masfjorden sokn har i alt 5 tilsette, i stor grad i deltidstillingar. Alle tilsette er knytte til felles kommunal pensjonsordning i samsvar med tariffavtale i KA tariffområdet. Arbeidsgjevars del av premien etter overføringar frå premiefondet er utgiftsført med kr 98.283. Tilsette betaler 2 % av premien.

Nøkkeltal	2024	2025
Innbetalt premie/tilskot inkl. adm	226 712	128 711
Overføringar frå premiefondet	175 677	291 339
Saldo premiefond 31.12.	263 698	298 093

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseførte.

Nøkkeltal	2024	2025
Brutto påløpt pensjonsforplikting	5 728 862	6 542 703
Pensjonsmidlar	5 941 468	6 402 872
Netto pensjonsforplikting	-212 606	139 831

Føresetnader (aktuar)	2024	2025
Diskonteringrente	4,00 %	4,00 %
Lønnsvekst	2,97 %	2,97 %
G-regulering	2,97 %	2,97 %
Pensjonsregulering	2,20 %	2,20 %
Avkastning	4,50 %	4,50 %

Samla eigenkapitaltilskot pr 31.12.2025 er kr 163.647, og er balanseført.

Kjøp av aksjar ført i driftsoversikten på kr 12.192 knytt seg til årets eigenkapitaltilskot.

Note nr. 3 : Kommunens tilskot

Kommunens driftstilskot til Masfjorden sokn er i rekneskapsåret på kr 3.512.600. Soknet bestemmer sjølv korleis tilskotet skal brukast.

Driftstilskotet dekkjer:

Funksjon	Beløp
Kyrkjeleg administrasjon	1 203 260
Kyrkjer	1 290 600
Gravplassar	661 240
Andre kyrkjelege føremål	327 300
Andre tilskot/kulturmidlar	30 200
	3 512 600

I tillegg til driftstilskotet utgjer samla refusjonar kr 407.953, og fordeler seg:

Refusjon	Beløp
Renter og avdrag på lån	395 183
Ekstra vedlikehaldt	0
Andre	12 770
	407 953

Note nr. 4 : Varige driftsmidler

Anleggsmidler blir vurdert i tråd med forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkje § 15. Følgjande anleggsmiddelgrupper blir bynytt for avskrivning:

Anleggsmiddelgruppe	Avskrivingsplan	Eigendelar
Gruppe 1	5 år	IKT-utstyr og programvare, kontormaskiner og liknande
Gruppe 2	10 år	Maskiner, inventar og utstyr, verktøy, transportmiddel og liknande
Gruppe 3	20 år	Større nyttekjøretøy, større anleggsmaskiner og liknande
Gruppe 4	40 år	Skolar, barnehagar, idrettshaller og -anlegg, bustadar, vegar og liknande
Gruppe 5	50 år	Kyrkjer, krematoriet, orgel, gravplassar, installasjon på gravplassar, administrasjonslokale, menighetshus, institusjonslokale, kulturbygg og liknande

Anleggsmidler

	Avskrivast ikkje	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	SUM
Anskaffingskost 01.01	0	0	310 161	4 183 962	0	9 331 899	13 826 022
Tidlegare av- og nedskriving	0	0	-214 230	-2 043 720	0	-1 982 604	-4 240 554
Bokført verdi 01.01.	0	0	95 931	2 140 242	0	7 349 295	9 585 469
Årets investeringar	0	0	0	0	0	0	0
Årets avgang							0
Årets avskrivning	0	0	-23 983	-167 359	0	-194 897	-386 238
Opp- og nedskrivingar							0
Bokført verdi per 31.12	0	0	71 949	1 972 884	0	7 154 398	9 199 230

Note nr. 5 : Avsetjingar og bruk av avsetjingar

I tråd med økonomiforvaltningsforskrifta § 16 punkt 1 bokstav e fremgår det nedanfor ei oversikt over samla avsetjingar og bruk av avsetjingar i rekneskapsåret. Det skiljast mellom samla avsetjingar og bruk av avsetjingar i soknet i året, inngåande og utgåande balanse og samla avsetjingar og bruk av avsetjingar per fondstype.

Fond	Pr. 01.01	Avsetjing	Bruk	Pr. 31.12
Disposisjonsfond	1 335 519	939 255	199 960	2 074 814
Bundne driftsfond	176 690	-	-	176 690
Ubundne investeringsfond	3 913	-	-	3 913
Bundne investeringsfond	-	-	-	-
Regnskapsmessig mindreforbruk	664 995	702 707	664 995	702 707
Sum fond	2 181 118	1 641 962	864 955	2 958 125

Gravlegatfond er klassifisert som kortsiktig gjeld (se note 6).

Bundne fond omfattar	Pr. 01.01	Pr. 31.12
Solheim kyrkjefond	-3 384	-3 384
Solheim kyrkje	-173 307	-173 307
	-176 690	-176 690

<i>Disposisjonsfond omfatter</i>	<i>Pr. 01.01</i>	<i>Pr. 31.12</i>
<i>Disposisjonsfond</i>	-653 925	-1 318 919
<i>Festeavgift</i>	-545 681	-619 981
<i>Frøyset sokneråd</i>	-8 725	-8 725
<i>Solheim sokneråd</i>	-61 135	-61 135
<i>Sandnes sokneråd</i>	-66 054	-66 054
	-1 335 519	-2 074 814

Note nr. 6 : Kapitalkontoen

Kapitalkontoen beskriv kor mykje soknet har brukt av eigenkapitalen sin til å finansiera anleggsmiddel. Dette fremkommer som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmiddel og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemiddel.

Auke av anleggsmiddel eller reduksjon av langsiktig gjeld medfører ein auke av beholdninga på kapitalkonto.
Reduksjon av anleggsmiddel eller auke av langsiktig gjeld medfører ein reduksjon av beholdninga på kapitalkonto.

Transaksjonar med resultatverknad (utgiftsført) er kjøp av anleggsmiddel eller avdrag på lånegjeld.
Transaksjonar med resultatverknad (inntektsført) er sal av anleggsmiddel eller opptak av nye lån.

Transaksjonar utan resultatverknad er oppskriving av anleggsmiddel eller nedskriving av lån.
Transaksjonar utan resultatverknad er av- og nedskriving av anleggsmiddel eller oppskriving av lån.

Saldo per 01.01. **7 270 219**

	Inntektsført (drift/investering)	Av- og nedskriving Eiend (-) / Gjeld (+)	Utgiftsført (drift/investering)	Oppskriving Eiend (-) / Gjeld (+)	Netto
Fast eiendom og anlegg		-386 238	-		-386 238
Utstyr, maskiner og transportmidler					-
Utlån					-
Aksjer og andeler			12 192		12 192
Langsiktig gjeld	-		245 696		245 696

Saldo per 31.12. **7 141 869**

Note nr. 7 : Gravlegat

Gravlegat er klassifisert som kortsiktig gjeld i soknets balanserekneskap.

Innestående midlar per 31.12.2025 er kr 206.759

Saldo per 01.01.	193 307
Innbetalningar i rekneskapsåret	42 000
Inntektsført i rekneskapsåret (årleg trekk for utførte tenester)	-32 205
Renter	3 657
Saldo per 31.12.	206 759

Note nr. 8 : Ytingar til dagleg leiar og medleamar i sokneråd

Ytingar til dagleg leiar	2024	2025
Løn og anna godtgjering	479 243	707 202
Godtgjering for andre verv (sekretær)	150 866	0
Tilleggsgodtgjering	20 330	2 600
Naturalytingar	1 290	1 290
Sum	651 729	711 092

Godtgjering til soknerådet	2024	2025
Samla godtgjering	39 000	47 500

Note nr. 9 : Strykningar og udekka investeringar

Det er ingen strykningar ved avslutning av drifts- og investeringsrekneskapen.

ANALYSE AV REKNESKAPEN 2025

DRIFTSINNTEKTER

Driftsinntektene i 2025 er på kr 5.222.579, og viser ein auke i høve 2024 på 2,2 % og ein meirinntekt i høve årets budsjett på kr 117.279.

Brukarbetalingar, sal, avgifter og leigeinntekter

Innbetalte festeavgifter, salsinntekter og brukarbetalingar inngår i posten:

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett-avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
Festeavgifter	340 200	285 000	55 200	248 600	91 600
Brukarbetalingar	77 780	70 000	7 780	136 572	-58 792
Salsinntekter	93 762	91 000	2 762	83 610	10 151
Sum	511 742	446 000	65 742	468 782	42 959

Rekneskapen for 2025 viser god vekst i innbetalte festeavgifter i høve både budsjett og fjoråret. Reduksjonen i brukarbetalingar i 2025 kan forklarast med ekstra innbetalingar knytt til Olsokfeiring i 2024.

Refusjonar/overføringar

Posten omfattar sjukdomsrefusjonar, meirverdiavgiftskompensasjon, refusjonar frå Masfjorden kommune og andre.

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett-avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
NAV refusjonar	82 307	62 000	20 307	124 503	-42 196
Mva kompensasjon	148 169	150 000	-1 831	137 987	10 182
Frå kommunen	407 953	417 400	-9 447	632 860	-224 907
Frå menighetsråd	26 077	26 000	77	78 853	-52 776
Sum	664 506	655 400	9 106	974 203	-309 697

Rekneskapen for 2025 viser lågare refusjon frå kommunen i høve fjoråret. Refusjon for sekretærstilling er frå 2025 innarbeidd i dei faste rammeoverføringane frå Masfjorden kommune, og forklarar endringa. Reduksjon i refusjonar frå menighetsråd i 2025 skuldast forhold knytt til Fjon Fjellkyrkje.

Kalk. inntekt ved kommunal tenesteytingsavtale

Dette er ei rekneskapsføring av kalkulatorisk verdi av driftsoppgåver kommunen yter til soknet. Verdien av tenestene som kommunen utfører er ført i rekneskapen både som inntekt og utgift.

Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrke

Posten viser årlege tilskot frå Den norske Kyrkje.

Rammeoverføring/tilskot frå egen kommune

Posten omfattar dei faste rammeoverføringar frå Masfjorden kommune.

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett-avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
Sum	3 512 600	3 510 900	1 700	3 140 000	372 600

Auken i rammeoverføringer frå 2024 omfattar innarbeiding av sekretærstilling (tidlegare kompensert som refusjon) og generell løn- og prisutvikling.

Andre tilskot og gåver

Posten omfattar inntekter frå offerinnsamlingar.

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett-avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
Til eigen verksemd	33 734	25 000	8 734	29 105	4 628
Til anna verksemd	101 717	70 000	31 717	107 296	-5 579
Sum	135 451	95 000	40 451	136 401	-950

DRIFTSUTGIFTER

Driftsutgiftene i 2025 er på kr 4.144.433, og viser ein AUKE i høve 2024 på kr 57.406 (1,4 %), og ein mindretgift i høve årets budsjett på kr 592.667.

Løn og sosiale utgifter

Posten omfattar både fast og variabel løn inklusiv sosiale utgifter i form av pensjonsinnskott og arbeidsgjevaravgift.

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett-avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
Fastløn	1 625 984	1 681 800	55 817	1 476 831	149 152
Variabel løn	75 832	132 000	56 168	103 211	-27 379
Leiar- og møtgodtj.	47 500	56 000	8 500	39 000	8 500
Sosiale utgifter	285 781	552 300	266 519	380 409	-94 628
Sum	2 035 096	2 422 100	387 004	1 999 451	35 645

Auken i fastløn frå 2024 utgjer 10,1 %. Auken utover ordinær lønsvekst i 2025 kan forklarast med tilsetting av ny sekretær i 20 % stilling frå februar/mars 2025. Mindreforbruket i 2025 syner vakansar i høve faste stillingsheimlar.

Reduksjonen i variabel løn frå 2024 og mindreforbruket i høve budsjett 2025 viser eit lågare aktivitetsnivå gjennom rekneskapsåret.

Sosiale utgifter omfattar pensjonsinnskott og arbeidsgjevaravgift. Pensjonsinnskott som er ført i rekneskapen viser arbeidsgjevarsandel av pensjonskostnaden etter bruk av premiefond i KLP:

Rekneskapsført pensjonsinnskott	2024	2025
Brutto faktura frå KLP (før bruk av premiefond)	404 927	421 363
Bruk av premiefond	-175 677	-291 339
Netto faktura frå KLP	227 981	130 024
Arbeidstakar sin del (2 %)	-29 702	-31 740
Arbeidsgjevar sin del (rekneskapsført)	198 279	98 283

Kjøp av varar og tenester

Posten omfattar løpende driftsutgifter til forbruksvarer, kompetanse- og reiseutgifter, straum, forsikring, lokalar, avgifter og lisensar, service/vedlikehald og konsulentar.

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett- avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
Forbruksvarer	136 696	145 000	8 304	150 187	-13 491
Kurs/reiser	62 318	107 000	44 682	78 033	-15 715
Straum	92 172	107 000	14 828	194 406	-102 233
Forsikring	143 000	142 000	-1 000	129 898	13 102
Leige av lokalar	31 021	43 000	11 979	35 600	-4 579
Avgifter og lisensar	133 543	134 000	457	119 098	14 444
Service/vedlikehald	160 172	258 000	97 828	247 144	-86 972
Konsulent	598 815	649 000	50 185	401 911	196 904
Sum	1 357 737	1 585 000	227 263	1 356 278	1 459

Breiband og straum til Fjon Fjellkyrkje har til og med 2024 vore forskotert av soknet. Desse utgiftene fakturerast no direkte til fjellkyrkja og forklarar reduksjonen i utgiftsnivået frå 2024.

Service og vedlikehaldsutgifter viser både reduksjon frå fjoråret og mindreforbruk i høve årsbudsjett. Anskaffing av ny grasklippar i 2024 kan forklare i stor grad endringa frå 2024.

Auken i konsulentutgifter frå 2024 hengar saman med vakanse i stillingsheimlar som er erstatta med kjøp av tenester frå private aktørar.

Refusjonar/overføringar

Posten omfattar meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon og refusjonar til andre.

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett- avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
Refusjon til andre	155 500	165 000	9 500	202 222	-46 722
Mva kompensasjon	148 169	150 000	1 831	137 987	10 182
Sum	303 669	315 000	11 331	340 210	-36 540

Reduksjon i refusjon til andre frå 2024 kan forklarast med ekstra overføringar knytt til Olsokfeiring i 2024.

Tilskot og govar

Posten omfattar overføring av offerinnsamlingar til anna verksemd og tilskot til Den norske kyrkja.

Tal i heile kroner	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett- avvik	Rekneskap 2024	Endring 2024-2025
Overføring offer, div.	132 931	100 000	-32 931	76 090	56 841
Den norske kyrkja	140 000	140 000	-	140 000	-
Sum					

NETTO FINANS

Posten omfattar rente- og avdragsutgifter, samt årets eigenkapitaltilskot til pensjonsordninga i KLP. Høgare overskotslikviditet forklarar budsjettavviket i 2024.

Fram til og med 2017 har eigenkapitaltilskotet til KLP vært ført i investeringsrekneskapen og dekt inn ved bruk av ubundne fond. Innskotet er eit finansielt anleggsmiddel og skal i prinsippet førast i investeringsrekneskapen og balanseførast. Dersom innbetalinga er ikkje av vesentleg

omfang, kan transaksjonen først i driftsrekneskapen. Frå 2018 er transaksjonen ført i driftsrekneskapen og visast under netto finansområdet som kjøp av aksjar og andelar.

NETTO DRIFTSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Netto driftsresultat er i rekneskapen 2025 eit overskot på kr 777.007, og viser kva soknet sit igjen med av driftsinntekter når alle løpende driftsutgifter, inklusiv renter og avdrag, er betalt.

I sak F-2025/07 vedtok fellesrådet at mindreforbruket på kr 664.995 frå 2024 blir avsett til disposisjonsfondet. Disponeringa er ført i rekneskapen for 2025.

Festeavgift er inntekter som soknet får forskotsvis for heile leigeperioden (vanlegvis 5 år). For å sikre dekning av driftsutgiftene som kommer gjennom heile leigeperioden, er det behov for periodisering av denne inntektsposten. Periodiseringa gjennomførast ved at om lag 4/5 delar av innbetalt festeavgift gjennom rekneskapsåret blir avsett til disposisjonsfondet. Samstundes blir det gjennom rekneskapsåret brukt opp ein del av tidlegare innbetalte og avsette festeavgifter for å dekke inn årets utgifter. Periodiseringa av festeavgift gjennom 2025 er rekneskapsført som følge:

Bruk av disposisjonsfond (tidlegare fester)	199 960
Avsetjing til disposisjonsfond (nye fester)	274 260
Netto avsetjing til disposisjonsfond	74 300

Etter periodiseringa av festeleiga viser rekneskapen for 2025 kr 702.707 i rekneskapsmessig mindreforbruk.

Disposisjonsfond er frie fond og kan bli brukt til både drifts- og investeringstiltak. Disposisjonsfondet bør ha ein storleik som kan jamna ut negative konsekvensar av endringar i inntekter og utgifter. Etter avsetjinga av mindreforbruket frå 2024 og medrekna mindreforbruket frå 2025 er frie disposisjonsfondsmidlar på kr 2.777.521:

Disposisjonsmidlar	1 318 919
Avsette festeforpliktingar	619 981
Midlar frå tidlegare sokneråd	135 914
Sum disposisjonsfond	2 074 814
Rekneskapsmessig mindreforbruk 2025	702 707
Frie disposisjonsfondsmidlar	2 777 521